



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Svanhild Aksnes, 5557 2160

Vår dato
29.09.2014
Dykkar dato

Vår referanse
2014/11729 523.3
Dykkar referanse

Beitelag i Hordaland

Tilskot til drift av beitelag – søknadsfrist 15. november 2014

Vi oppmodar med dette alle godkjende beitelag i Hordaland om å søkje tilskot til drift av beitelag. Tilskotet er ein del av dei regionale miljøtilskota i Hordaland og har heimel i forskrift om Regionalt miljøprogram, Hordaland av 24. juni 2014.

Tilskot til drift av beitelag har **søknadsfrist 15. november 2014.**

Krav til beiting og beitelag går fram av forskriftas §9 om Miljøtilskot til drift av beitelag. Ved for seint levert søknad vert det reduksjon i tilskot med **kr 1.000** per verkedag etter fristens utløp. Søknader som vert levert seinare enn 1 måned etter søknadsfristen vert avviste.

Søknadsinformasjon:

- Søknader skal leverast elektronisk via Altinn. Dersom dette er vanskeleg må ein kontakte beitekommunen for rettleiing eller innlevering av søknad på papir.
- Beitelagsleiar har ansvar for og tilgang til å levere søknad for beitelaget i Altinn. Det er mogleg å delegere dette ansvaret i Altinn under menypanelet «Tilgangsstyring».
- På www.brreg.no kan du sjekke kven som er registrert som beitelagsleiar i Brønnøysund.
- Vedlagte noteringsliste kan nyttast som kladdeskjema før registrering av søknad. Du kan eventuelt skrive ut sida «Dyr sluppet og sanket» i Altinn og nytte den som kladdeskjema.
- Søknaden skal sendast til/registrerast på **BEITEKOMMUNEN**, altså den kommunen der hovuddelen av beitelaget sitt beiteområde ligg. Feilen frå i fjor er no retta – då gjekk søknadene ved ein feil til beitelagsleiar sin bustadkommune.
- Alle medlemmer i beitelaget må ha eige organisasjonsnummer. Det er ikkje lengre høve til å nytte personnummer.
- Dersom beitelaget leverte søknad i fjor, vil informasjon om fjorårets medlemmer vere førehandsutfyllt i Altinn og søknaden vert enklare å fylle ut.
- Beitelaget må vere godkjent av beitekommunen for å kunne søkje på tilskotet. Søknadsfrist for godkjenning av nye beitelag er 1. mai i søknadsåret.

For å finne rettleiingsmateriell: Gå inn på www.slf.dep.no → «Miljø og økologisk» → «Tilskudd til organisert beitebruk» → «Hvordan søke?» og åpne filen «OBB Steg for steg i Altinn 2014»

Slik ser nettsida ut

www.slf.dep.no er nettsida til tidligere Statens landbruksforvaltning (SLF). SLF heiter no Landbruksdirektoratet!



Melding/rapport frå beitelaget!

Fylkesmannen er interessert i å få informasjon om årets beitesesong. Vi oppmodar difor beitelaga til å levere inn ein rapport om korleis årets beitesesong har vore. Dette kan gjerast på to ulike måtar:

skriv direkte i boksen «Melding fra beitelaget»

...eller send inn ein rapport som eit filvedlegg



Med helsing

Åse Vaag
Landbruksdirektør

Svanhild Aksnes

Fylkesagronom husdyr

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til: Kommunane i Hordaland

Vedlegg: Noteringsliste for beitelag